
Vår referanse 2020/49965-10
Dato 25.06.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon frå parkeringskrav - Fv 564 - Gnr 1 bnr 80, 285 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, som vegstyresmakt syner til brev motteke 08.06.2020 med ovannemnde søknad til uttale.

Kva saka gjeld

Vi antek at det er søkt om dispensasjon frå parkeringskrav i *Arealdelen av kommuneplanen* for gamle Meland kommune, og ikkje frå reguleringsplan for kollektivkutepunkt og innfartsparkering på Flatøy. Dette gjeld eigedom med gnr. 1 og bnr. 80 og 285.

Planstatus

Eigedomen ligg i område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som bustadføremaal. Det er søkt om og innvilga formålsending frå naust til næring. Vedtaket vart påklaga av Vestland fylkeskommune, men klaga vart seinare trukke på visse vilkår, mellom anna at det vart funne ei løysing for parkeringsareal i tilknytning til næringa som ikkje medførte parkering på offentlege p-plassar, eller langs offentleg veg.

Saksgang

Før søknaden vert handsama etter veglova, er det behov for å avklare tiltaket etter plan og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommune forvaltar. Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §19-2. Vi har òg klagerett i slike saker. Dette brevet er difor utforma som ei uttale til Alver kommune.

Uttale

Vi rår ifrå å dispensere frå parkeringskrava i KPA. Vi meiner at tiltaket har behov for eit visst antal p-plassar knytt opp mot drifta. Manglande parkeringsareal vil kunne føre til parkering på offentlege p-plassar eller på/langs offentleg veg. Dei offentlege p-plassane er sett av til innfartsparkering og er eit viktig ledd i strategien om å få fleire reisande over på kollektiv og begrense bilbruk. Det er difor svært viktig at desse p-plassane ikkje blir beslaglagt av andre enn dei som faktisk nyttar seg av kollektivtilbodet.

Vi rår til at tiltakshavar saman med kommunen finn ei løysing for parkeringsareal i perioden kor området tiltenkt parkering nyttast til anlegg- og riggområde, slik at ein imøtekjem det kontinuerlege parkeringsbehovet.

Vi ber om å få saka til klagebehandling når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Hege Løtveit
Leiar

Silje Svanevik-Røren
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift